

Kyrkjeordning for Den norske kyrkja Høyringsvar frå Fjaler sokneråd

Fjaler sokneråd har motteke Kyrkjerådet sitt høyringsdokument KR 54.1/18, saman med utkast til ny kyrkjeordning, datert 20.09.2018, med høyringsfrist 15.12.2018.

Høyringsdokumentet er sendt ut saman med eit *regelspeil*.

Kyrkjerådet ber om innspel på følgjande spørsmål:

Har høyringsinstansen innspel til det vedlagte framlegget til kyrkjeordning som skal gjelde når ny trussamfunnslov tek til å gjelde?

Først ein digresjon. Dersom det ikkje er mogleg å få oversett dokumenta til eit betre og meir moderne nynorsk, burde dei vore sende ut berre på bokmål.

Språket, også på bokmål, kan vere vanskeleg tilgjengeleg og ha rom for mistolking.

Då lov om trussamfunn ikkje skal vedtakast i Stortinget før i 2019, synest denne høyringa noko forhasta. Då trussamfunnslova var ute på høyring, var det føreslått at noverande kyrkjelov skulle opphevast, og at Den norske kyrkja skulle få eit eige kapittel i den nye trussamfunnslova. Vi kjenner enno ikkje innhaldet i dette kapitlet. Vi kjenner heller ikkje til kva finansieringsmodell Stortinget bestemmer sjølv om vi har grunn til å tru at Stortinget vedtek å vidareføre dagens finansringsordning, delt mellom kommune og stat.

Fjaler sokneråd sitt innspel til Kyrkjerådet sitt framlegg til kyrkjeordning som kan gjelde når ny trussamfunnslov trer i kraft. Vi kommenterer berre dei paragrafane der vi har dei største merknadene.

I innleiinga står det «*Kirkerådet sender her ut et forslag til bestemmelser som skal erstatte kirkeloven når denne oppheves. Disse bestemmelser er ikke ment å medføre endringer i dagens ordninger.*» Då er det underleg at viktige setningar i dagens lov er tekne bort, noko vi vil komme attende til ved paragrafane det gjeld. Kapittel 1. *Den norske kyrkja sitt grunnlag* er eit så viktig kapittel at her burde ein teke seg litt betre tid med gjennomtenkte formuleringar før dokumentet vart sendt ut.

Det er bra med små endringar no, og at dei to organa for sokna vert vidareførde, at også fellestrådet vert vidareført.

Vi ventar at kyrkjeleg fellestråd, også med heimel i framtidens lovverk, kan handle rettsleg på vegner av sokna. Handle som i dag når det gjeld arbeidsgjevaransvar, kyrkjebygg- og gravferdsforvaltning.

Felles arbeidsgjevaransvar er ikkje omhandla i denne høyringa, det skal komme seinare, men etter signal frå Kyrkjerådet skal det komme snart, innan 2-3 år. Det er òg varsla ein gjennomgang av kyrkja si organisering, som må betydeleg forenklast. Då verkar det kanskje litt rart at alle nivå skal fortsetje som før. Hovudfokus og føremålet med framtidens organisering må vere å styrkje sokna og leggje til rette for lokalkyrkjeleg engasjement og aktivitet. Kyrkjeordninga må tene soknet og leggje til rette for at lokalkyrkja best mogleg kan utføre kyrkja sitt oppdrag.

Soknestorleiken er svært varierande, og i høyringsdokumentet saknar vi ei oppmoding til at små sokn bør slå seg saman.

Ein del oppgåver som i dag ligg til dei einskilde bispedømmeråda bør vurderast overførde til kyrkjerådet. Eksempel på det er alt vedkommande kyrkjebygga inkludert godkjenningssaker om inventar.

Kapittel 1. Den norske kyrkja sitt grunnlag

Her saknar vi vidareføring av §1 i Kirkeloven (Lov 7. juli 1996) **der** det under *Lovens formål* står «*Formålet med kirkeordningen er å legge forholdene til rette for et aktivt engasjement og en stadig fornyelse i den evangelisk-lutherske folkekirke i Norge.*» Kyrkjeordninga bør ha denne føremålsparagrafen.

I § 4. *Den norske kyrkja sitt oppdrag*

I gudstenesta samlar kyrkjelyden seg, men vi meiner at det blir litt for snevert å berre nemne gudstenesta. Vi møter menneske på mange andre arenaer. Dette blir meir viktig sidan gudstenestedeltakinga er sterkt nedgåande. Vi saknar at kyrkja sitt aktive engasjement i lokalsamfunna ikkje er nemnt. Herunder kyrkja sitt kulturoppdrag, sidan det står sterkt i svært mange sokn. Samarbeid med andre organisasjonar bør og nemnast, då det har styrka seg med auka satsting på trusopplæring.

§ 5. Tenestefellesskap og dei vigsla tenestene

Då soknet er grunneininga i Den norske kyrkja og eige rettssubjekt, bør soknerådet nemnast særskilt og ikkje berre som del av dei frivillige. Soknerådet er eit demokratisk valt organ og kan ikkje sidestillast med andre frivillige.

Ein skil for sterkt mellom vigsla og ikkje vigsla medarbeidarar. Vigsla medarbeidarar er og tilsette. Tenestefellesskap gjeld alle, og ein må passe på at ikkje nokon kan kjenne seg mindre verdsett enn andre.

§ 6. Organisering av Den norske kyrkja.

Sidan soknet er den grunnleggjande eininga, bør det i staden for kvar kyrkjelyd stå at kvart sokn har ei ordna presteneste med ansvar for forvaltning av ord og sakrament.

Avsnittet om styring og leing manglar henvising til valde demokratiske valde styringsorgan, jamfør demokratireforma. Som i dagens kyrkjelov må det stå at valde styringsorgan skal ha ein dagleg leiar. Då det innleiingsvis i høyringsdokumentet står at *Disse bestemmelser er ikke ment å medføre endringer i dagens ordninger.*» bør det stå at prestenesta er representert i dei valde styringsorgan på ulike nivå etter nærare reglar, fastsett av Kyrkjemøtet.

Vidareføring slik som no.

Kapittel 2.

Kyrkjeleg inndeling, kyrkja sine organ, medlemskap kyrkjelege registre og kyrkjeleg stemmerett.

§ 9. Kyrkjeleg inndeling, namn på kyrkjer og kyrkjelege einingar, særskilde kyrkjelydsformer.

Soknet er den geografiske og administrative ramma om kyrkjelyden. Dette er ei uklar setning. Kirkeloven § 2 Kirkelig inndeling «Soknet er den grunnleggende enhet i Den norske kirke og kan ikke løses fra denne.

§ 11. Tilhøyrslø og medlemskap

Den norske kyrkja må følgje det som vert bestemt i ny lov om trussamfunn og ikkje ha særreglar.

Når her står at «*Den som vil melde seg inn i eller ut av Den norske kyrkja tek kontakt med prest med ansvar for.....*» reknar vi som skrivefeil. Her bør ein som no ta kontakt med kyrkjebokføraren der ein bur, eventuelt til kyrkjerådet. Uheldig å knyte dette opp til ei bestemt stilling. I dag har fellesrådet (soknerådet i eittsoknskommunar) ansvar for dette i medlemsregisteret.

Kapittel 3.

Verksemda i soknet. Organa for soknet og oppgåvefordelinga mellom dei m.m.

§ 15. Organa for soknet

Ordninga med felles sokneråd innan ein kommune er veldig uklar då det ikkje står noko om kva mynde eit slikt felles sokneråd har. Soknet med soknerådet er ei juridisk eining. Det skal vere eit fellesråd i kommunen. Denne ordninga verkar uheldig og er ikkje eit forenklande element. Kyrkjerådet og ikkje bispedømmerådet bør i tilfelle vere godkjenningssinstans for eit slikt felles sokneråd.

Som tidlegare nemnt saknar vi at det står noko om kor lite eit sokn kan vere. Når ein arbeider med forenkling bør ein også sjå på soknestorleiken med mål om å få færre sokn.

§ 16. Soknerådet si samansetjing

Andre ledd. *I kommunar med berre eitt sokn kan kommunen velje eit medlem.....*

Det ville vere ønskjeleg om det her stod ei litt sterkare oppmoding enn berre «kan».

§ 17. Om å tre ut av soknerådet i valperioden

I opplistinga bør også seksuelle krenkingar vere nemnt som grunnlag for at ein må tre ut av verv i sokneråd og andre demokratisk valde organ.

§ 25. Oppgåvene til kyrkjeleg fellesråd

Her er dagens kyrkelov vidareført, men vi håper ikkje det er bevisst at siste punktum i siste ledd ikkje er med. Følgjande setning må også vere med.

«Kirkelig fellesråd utfører for øvrig de oppgaver som etter avtale blir overlatt av det enkelte menighetsråd.»

Kapittel 4. Kyrkjer

§ 27. Definisjon av og eigedomsrett til kyrkje

Andre ledd: *Det skal vere kyrkje i alle sokn.*

Då det ikkje står noko om soknestorleik, verken tal medlemmer eller geografisk, kan det ikkje stå at det skal vere kyrkje i alle sokn.

§ 28. Forvaltning av kyrkjene og avgrensing av rådvelde

Soknet eig kyrkja. Kyrkjeordninga må ikkje innehalde formuleringar som skaper tvil om soknet sin eigedomsrett og forvaltning.

I siste ledd står det at *«Anskaffing og avhending av inventar og utstyr til kyrkja skal godkjennast av biskopen.»* Denne godkjenninga bør ikkje lenger liggje til biskop, knytt til kvart enkelt bispedømmeråd. Sakhandsaminga er tilfeldig og godkjenninga tek altfor lang tid, opp til fleire år. Her må det, i samanheng med forenkling av kyrkjeorganisasjonen, komme ei endring.

§ 29. Kyrkjefond

Siste ledd. Ein liten digresjon. Testamentariske gåver er ikkje alltid like enkle å motta. Dette når bruk er knytt opp til eit bestemt føremål som ikkje er ønskt.

§ 31. Oppføring av kyrkje

Siste ledd.

Ombygging og utviding av kyrkje skal godkjennast av biskopen etter nærare føresegner som er fastsett av Kyrkjerådet.

Kyrkjerådet bør vere godkjenningssorgan.

§ 47. Tilgang til å stille vilkår om medlemskap i Den norske kyrkja for tilsette og ombod.

V ber om at denne paragrafen vert endra då ordlyden er uklar og kan føre til mistyding.

Tilsette i leiarstillingar i Den norske kyrkja, på alle nivå, bør ha krav til medlemskap.